| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2.Vi føreset at det også vert lagt opp til avbøtande tiltak for inngrep som kan få negative følger for gytefeltet og fiskebruksområdet som ligg i og tett opp mot planområdet. | | | | |
| 29 | Statsforvaltaren i Vestland 22.03.2021 | Ingen vesentlege merknader | Tatt til etterretning. | | | |
| 30 | Vestland fylkeskommune – 22.03.21 og 15.04.2021 | Alle plankart<br>1. Byggegrense langs fylkesvegen må kome fram i områder som er avsatt til byggjeføremål.<br>2. Siktkrav i kryss og avkøyrsler må påførast plankartet.<br>3. Føresegnene må rettast opp slik at dei viser til rett plan, til dømes §4.<br>4. Føresegnene viser til at føresegnene i kommuneplan for Lindås gjeld. Dersom det i hovudsak gjeld plankrav for areal avsett til byggjeområde ber vi om at dette kjem tydleg fram.<br>5. § 4.2.2 legg rammer for kven som kan nytte regulert tilkomst. Føresegna på presiserast slik at det kjem fram at ny bruk eller ved søknad om tiltak etter plan og bygningslova krev ny vurdering av avkøyrsleløyve.<br>6. Planforslaget er i konflikt med automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 231174 og 231169) då lokalitetane ligg i og nær veganlegget, framtidig rigg og anleggsområde og annan veggrunn. Etter fylkeskommunen si vurdering kan reguleringsplan for fv. 57 Gang og sykkelveg Lindås tettstad plan id. 1263-201407 godkjennast under føresetnad av at det blir gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, før tiltak etter planen blir gjennomført, jf. vedlagt kart datert 04.12.20. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for arkeologiske granskingar. Kulturminna, med kulturminne-ID 231169 og 231174, er markert i plankartet som bestemmelsesområde og tildelt/vist som nr. 30 og 31. Følјande tekst er innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen under § 3.8: b) Før iverksetjing av arbeid etter planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna: id 231174 som er merka som område for føresegn #30 i plankart 3 id 231169 som er merka som område for føresegn #31 i plankart 13 c) Tiltakshavar skal ta kontakt med (~~fylkeskommunen~~) Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga blir fastsett. Vi ber om at tekst markert med raudt innarbeidast i § 3.8, c).<br>7. Det er opna opp for at ein køyrer over den Trondhjemske postveg, i det sørlege planområdet, i anleggsperioden. I føresegnene som omhandlar postvegen er følgjande presisert: «Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i dette området. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde.» Vi ber om at same presisering også blir gjeldande i føresegnene for jordkjellarane med omsynssone H570 (§ 5.2.2, b). | 1. Det er ikkje vurdert konkrete byggegrenser i planen og byggegrense føl vegtrafikklova som er 50 meter.<br>2. Det er lagt inn siktkrav i alle plankart. Desse er også vist i tekniske teikningar, C-teikningar.<br>3. For arealformål i underliggande plan er det lagt inn fullt namn på plan og plan-id. Føresegnene er endra.<br>4. Det er ikkje vist til konkrete føresegner i underliggande planar som KDP Lindåsneset og KPA Lindås. Ein har ført inn plan-id i føresegnene.<br>5. Føresegna §4.2.1 e) er endra.<br>6. Føresegna §3.8 og §7.2 er endra.<br>7. Jordkjellarane ligg utanfor bygg- og anleggsområde. Ein har lagt til tekst i føresegna §5.2.2 «Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i desse områda i anleggsperioden. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde»<br><br>Merknadene er delvis tatt til følgje. Endringar i føresegner. | | X | |